



Godt fram møte og stort engasjement prega verkstaden. Her er flokken samla til bibelstund

Juleverkstaden i bedehuset vart avvikla ikveld og var prega av stor og intens aktivitet. Men så er det da også Nelly Kjærland som står i spissen for tiltaket - ho er ikkje den som ligg på latsida når dei store høgtidene nærmer seg. Denne gongen var det 9 leiarar som sørga for at dei 4 aktivitetane vart greitt avvikla. Men først hadde Lise Marie T. Litlabø ei engasjerande bibelstund som skapte den rette førjulsatmosfæren.

Dette året var det pepperkaker, englar, dekorering av krus og julelenker som sto på programmet og Nelly hadde med seg Lisa Marie, Camilla, Trude, Jon Harald, Nils Rainer, Lisa og Joacim som flinke instruktørar.



Dei som tok imot kunnskapen var Norah, Linnea, Iselin, Marthe, Mathilda, Sivert, Demante, Simen, Ewy, Robin, Mads, Sivert, Lisa, Niklas, Filip og Sigri, Dei var frå 3 år til 4. klasse, men kven kunne tru det når ein var vitne til aktiviteten!

Er ikkje engelen fin, spør Sigr



Pepperkakeproduksjonen igang

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen



Nelly (til høgre) gjer ein stor innsats